

# Personvernerklæring for Norheimsund Friskule.

Skulen har personopplysningar om elevar, tilsette og føresette, og me ønskjer å behandle dei forsvarleg og lovleg. Rektor er behandlingsansvarleg for personopplysningane på skulen.

## Dette gjer me:

- Norheimsund Friskule er opptekne av at personlege opplysningar knytta til elevar, tilsette og føresette ikkje skal komme på avvegar eller bli misbrukt.
- Rektor er ansvarleg for at personopplysningane blir brukt rett og blir oppbevart på ein trygg måte.
- Dei opplysningane som me har fått, bruker me berre slik lovar og reglar seier at me kan gjere.
- Alle tilsette veit at opplysningane berre skal brukast til det som er nødvendig for å drive skulen.
- Me deler opplysningane berre med dei som norsk lov seier me skal dele dei med.
- Dersom andre spør om å få opplysningar, svarer me at me berre kan dele opplysningar når den det gjeld, har samtykka til det.

## Desse personopplysningane har me om elevane og føresette:

- Namn på elevar og føresette med adresse, telefonnummer, e-postadresser og personnummeret til eleven.
- Andre opplysningar som er nødvendig for at me skal kunne halde kontakt med føresette.
- Opplysningar som me har fått gjennom samarbeidet med heimen.
- Opplysningar om skularbeidet til ein elev, t.d karakterar, vurderingar, fråvær og hendingar på og i tilknytning til skulen.
- Me har og nødvendige sensitive helseopplysningar om eleven, jf rapportar og sakkunnige vurderingar frå lege, spesialhelsetenesta og PPT, og som blir brukt til tilrettelegging av skulekvardagen og søknad om transport.
- Påloggingsinformasjon til/i datasystemet på skulen.

## Personopplysningar om tilsette:

Skulen oppbevarer følgjande opplysningar om tilsette: namn, adresse, telefonnummer, personnummer, dokumentasjon på utdanning, arbeidserfaring, bankkontonummer, lønnsnivå og eventuelt farforeiningsmedlemskap, IP-adresser og aktivitetsloggar ved bruk av digitale tenester på skulen. Sensitive opplysningar kan lagrast i samband med helsesituasjon og behov for tilpassingar i kvardagen.

## Slik innhentar me personopplysningane:

- Innmeldingsskjema ved inntak, søknadspapir frå tilsette
- Opplysningar i samtalar (inntak, utviklingssamtalar, telefon)
- Overføring av elevmapper frå andre skular (ved samtykke frå føresette)
- Ved å bruke wifi og digitale tenester på skulen

## Slik oppbevarer me opplysningane:

- Elevvurderingar og fråværsopplysningar blir lagra i passordbeskytta system for å sikre at opplysningane ikkje kjem på avvegar.

- Når skulen mottok brev eller informasjon med personlege opplysningar om eleven blir opplysningane lagra i låste elevmapper, og berre tilsette som treng opplysningane får tilgang til dei.
- Me har ein avtale med eit datafirma som sørger for at ingen kan bryte seg inn i datasystemet vårt. Me ber om samtykke frå elevar og føresette før me tar, oppbevarer eller publiserer bilete/film.

### **Så lenge tar me vare på personlege opplysningar:**

- Vitnemålsopplysningar (elevnamn, personnummer, fag, standpunktkarakterar) tek me vare på for alltid
- Grunnlaget for standpunktkarakterane (både fag, orden og åtferd) blir sletta når klagefristen på 10 dagar er gått ut.
- Notatar blir teke vare på så lenge eleven går på skulen og lærarane meiner dei har nytte av dei for å kunne gi god undervisning eller anna nødvendig oppfølging.
- Nokre dokument om ein elev, t.d vedtak om spesialundervisning, individuelle opplæringsplanar mm, blir teke vare på i 20 år.
- Opplysningar i ev mobbesaker, tiltaksplanar m.m., blir arkivert i elevmappene til dei aktuelle elevane.
- Personalopplysningar (søknader, vitnemålskopiar, CV, attestar, sjukemeldingar, eigenmeldingar) blir sletta når skulen ikkje har bruk for opplysningane meir, vanlegvis etter to år.
- Dokument som kan ha betydning for framtidig behov, kan arkiverast så lenge skulen ser at det er behov. Opplysningane kan brukast som dokumentasjon angående gjennomført opplæring, men ikkje til noko anna utan samtykke frå elev/føresett.
- Når ein elev sluttar ved skulen, tar me vare på namn og adresse slik at me kan ta kontakt dersom det er behov for å gjere det. Gamle lister med elevadresse kan gjevast ut til tidlegare elevar, i t.d samband med årsjubileum for avgangsklassar. Elles vil me berre bruke denne adressa når eleven/føresette har gitt samtykke til at det kan sendast brev. Eleven/føresette kan trekke dette samtykket tilbake.
- Skulen oppbevarer og namn og adresse på tilsette og kva år dei har vore tilsett ved skulen.

### **Rettsleg grunnlag for å behandle personopplysningar:**

Det rettslege grunnlaget for behandling er regulert av friskulelova, opplæringslova, forvaltningslova, arbeidsmiljølova og personopplysningslova, med tilhøyrande forskrifter.

### **Utlevering av informasjon til tredjepart:**

Me bruker digitale tenester og system som er levert av eksterne aktørar. Personopplysningane blir då vidareformidla. Me følgjer norsk personvernlovgiving for å sikre at personopplysningar er sikra og ikkje kjem på avvegar, og inngår databehandlaravtale med dei eksterne aktørane.

Skulen bruker følgjande eksterne aktørar:

- Adcom (It-support)
- Microsoft Office 365 -samhandlingsplattform
- Vekstra (rekneskapskontor)
- BDO (revisor)
- Digitale undervisningsverktøy som t.d. Askiraski

- Utdanningsdirektoratet – rapportering WIS, GSI, oppmelding eksamen, nasjonale prøvar, kartleggingsprøvar
- Inntakskontoret i Vestland
- Skyssplattforma CERT til å registrere busskort
- Skulehelsetenesta i Kvam

Føresette får kopi av klasselister med namn, adresse og telefonnummer til alle elevane. Dei skal brukast i samband med besøk/invitasjonar og ikkje gjevast til tredjepart.

## **Rettar**

I følgje personopplysningslova har ein rett til å vite kva opplysningar skulen har registrert om ein. Ein har og rett til å få opplysningane korrigert om dei er feil, og sletta eller avgrensa om me ikkje lenger har grunnlag for behandlinga.

Skulen gjennomfører jamleg risikoanalysar for å vurdere behandlinga av personopplysningane.

Dersom ein meiner me ikkje overheld rettane ein har, kan ein klage til Datatilsynet. Kontaktinformasjon finn ein på [www.datatilsynet.no](http://www.datatilsynet.no)